

Reknes Byggjevarer LL  
Selvåg  
5986 HOSTELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1546 - 14/4358

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
28.02.2014

## Vedrørende søknad om igangsetting gbnr 137/263 Hilland - bustad 2

Vi viser til dykkar søknad om igangsettingsløyve motteken den 17.12.2013 og skriv av 19.02.2014 vedlagt vegrett, rett til å legge «overvannsledning» og situasjonsplan i målestokk 1:200 med detaljer frå reguleringsplankartet.

Det vert også vist til våre skriv (epostar) sendt dykk den 08.01.2014 og 22.01.2014.

Vi takkar for tilsendt situasjonsplan. Vi ber om fylgjande utfyllande opplysningar/dokument:

1. Vi har dessverre ikkje registrert at erklæring om rett til å legge ned leidningar fram til offentleg vass- og avlaupsleidningar er motteken, jf. vårt skriv av 08.01.2014. Rett til å legge «overvannsledning» på gbnr. 134/262 er motteken.
2. Slik vi forstår situasjonsplanen skal tilkomsten til bustad 2 og bustad 3 inn på regulert privat veg for gbnr. 134/22. Avkøyrsla til bustad 1 skal plasserast delvis på regulert privat og offentleg veg.



Den nye tilkomstvegen sin plassering og avkøyrsla til bustad 1 er vurdert å vere i konflikt med reguleringsplanen. Dersom tilkomstvegen vert etablert via eigedomen til gbnr. 134/22 for så å gå ut på regulert privat veg vil ikkje tilkomstvegen vere i konflikt med reguleringsplanen (altså via pila som er teikna inn på utsnitt av situasjonsplanen over). Etter vår vurdering må det sendast inn søknad om dispensasjon dersom ein skal etablere tilkomstvegen og avkøyrsla til bustad 1 i samsvar med motteken situasjonsplan. Ein slik søknad vil måtte sendast på høyring til Statens vegvesen. Etter vår førebels vurdering vil plassering av tilkomsten og avkøyrsla til bustad 1 kunne medføre



konsekvensar for bruken av det regulerte vegsystemet. Statens vegvesen sine faglege vurderingar vil bli lagt til grunn ved ein eventuell dispensasjonssøknad.

Vi ber dykk vurdere om det er mogleg å endre på tilkomsten til bustadene, til dømes ved at tilkomsten blir ført frå vegen som er skissert aust for bustad 1 og til regulert privat veg i nord. Etter det vi kan sjå vil dette medføre at biloppstillingsplassane vest for bustadene må flyttast aust for bustad 2 og 3, og resultere i at du får eit større samanhengande grøntareal mellom bustadene og det regulerte trafikkarealet. Vi gjer også merksam på at vi er kjent med at det er planlagt felles leidningar frå bustadområdet i nord opp til offentlege leidningar. Etter det vi forstår vil arbeidet ikkje bli søkt om eller utført før arbeida med rundkjøringa tek til. Ei endra plassering av dykkar private vass- og avlaupsleidningar vil kanskje kunne medføre ei økonomisk gevinst når rundkjøringa med tilhøyrande veganlegg blir etablert. Ein vil blant anna kunne slippe å legge om vass- og avløpsleidningar på eit seinare tidspunkt.

3. Etter det vi kan sjå er ikkje vilkåret om «Grunnavståing til rundkjøring» i vedtaket av 08.12.2010 stetta. Det er mogleg at ei endra framføring av tilkomstvegen vil kunne lette arbeidet med å få stetta dette vilkåret.

Vi vil igjen gjere dykk merksam på at dersom Statens vegvesen vil stille vilkår for godkjenning av dispensasjonssøknaden frå pbl § 18-1 eller til ei eventuell framtidig dispensasjonssøknad for etablering av tilkomstvegen som skildra i motteken søknad, vil det kunne medføre større økonomiske konsekvensar for dette prosjektet.

Med helsing

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Anleggspartner AS  
Statens vegvesen

Salhusvegen 55 5131

NYBORG

**Mottakarar:**

Reknes Byggjevarer LL

Selvåg

5986

HOSTELAND